

DERES REF: | VÅR REF: Kenneth Velsvik
DOKUMENTKODE: 615828-RIVA-BREV-004
TILGJENGELIGHET: Open

Nesttun, 15. oktober 2015

KLOAKKSANERING MANGER

Nabovarsel

Orientering om utbygging av nytt reinseanlegg og tilhøyrande pumpestasjonar og rørleidningar, Radøy kommune

Bakgrunn for tiltaket

Radøy kommune skal sanere avløpet i Manger, og skal bygge nytt avløpsreinseanlegg for Manger. Avløpsreinseanlegget som her er planlagt vert lokalisert til tomte der det i dag er ein slamavskiljar nordvest for Mangerspollen. I tillegg blir det etablert nye pumpestasjonar og avløpsleidningar. Reinsa avløpsvatn er planlagt pumpa til utslepp på kote -40 i Mangersfjorden som er definert som "mindre følsamt område". Dagens eksisterande avløpsleidning med utslepp til Mangersvågen på 10 m djupne vil bli brukt som overløp ved driftsstans eller havari på deler av anlegget. Det blir også etablert eit ekstra nødoverløp i Mangerspollen. Dette blir brukt kun ved totalhavari på reinseanlegget/utløpppumpestasjonen. Prosjektet blir gjennomført med atterhald om at grunnavtalar blir inngått, og at det blir politisk vedtatt.

Omfang på tiltaket

Trasear og plassering av leidningar er foreslått lagt i trase som er vist på vedlagte teikning.

Selfallet.

Dagens slamavskiljar går ut, og det blir lagt leidning ned til sjø, og over til kai Mangersnes. Dagens utsleppsleidning blir vidare brukt som nødoverløpsleidning.

Kai Mangersnes.

På kaia går dagens ut slamavskiljar ut, og det blir etablert ny pumpestasjon som pumpar vatnet til det nye reinseanlegget.

Urhaugvegen.

Ved overgangen mellom Mangersvågen og Mangerspollen blir det etablert ledningsgrøft som går i veggen. Det må påreknast at veggen blir stengt i periodar, men det skal likevel vere tilkomst til eigedomane i området

Nytt reinseanlegg, Huldredalen 10.

Det er planlagt at reinseanlegget blir etablert på den same eigedomen som i dag er brukt til slamavskiljar. Overbygget blir utvida i tråd med vedlagte teikning. Dagens utsleppsleidningar frå stasjonen vil bli brukte som nye nødoverløpsleidningar frå stasjonen. Den nye utsleppsleidningen blir ført ut til ca. 40-50 m djupne i Mangersfjorden.

Felles for alle strekk:

Ved landtaka blir rørleidningen skjult, og på land vil den gå i grøft med 1,2 m overdekning. Der det er tenleg vil leidningane bli lagt i borhol i staden for grøft. Traseen går så vidare langs vegen, og endar i kum V12 førebudd for framtidige tilkoplingar.

Gjennomføring

Multiconsult AS har fått i oppdrag av Radøy kommune å vere ansvarleg søker og prosjekterande for dette prosjektet. Arbeida vil etter planen ha oppstart hausten 2015 og være ferdig ila. 2016.

Radøy kommune vil sjølve gjere grunnavtalar.

Det er tidlegare sendt ut nabovarsel i samband med Søknad om utsleppsløyve. Vedr. arbeida i sjø er det sendt varsel til Bergen og Omland Havnevesen.

Merknader til nabovarsel

Eventuelle merknader til nabovarsel skal vere mottatt av søker seinast to veker etter at dette varsel er sendt, sjå datert poststempel.

Søkar er:

Multiconsult AS

Nesttunbrekka 99, 5221 NESTTUN

Kontaktperson: Kenneth Velsvik

Telefon: 55 62 37 00

som søker på vegne av:

Radøy kommune, Teknisk drift

Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Kontaktperson: Tore Rikstad

Telefon: 56 34 90 00

Med venleg helsing

Multiconsult

Bjarne Jakob Bratli

